

Klima- og miljødepartementet
E-post: postmottak@kld.dep.no

Høyringsinnspel til Tiltaksplan Hardangervidda Villreinområde

Heimfjell grunneigarlag representerer om lag 95 000 mål eigedom heilt nordvest på Hardangervidda, i randsona av villreinområdet. Eigedommen består i hovudsak av fire stølsbol, og der dei ulike grunneigarane i Heimfjell har sine rettar. Sjølv om driftsforma har endra seg ein del dei siste 50 åra, er det framleis nokre som har beitedyr i området, og dei fleste driv med forvaltning i form av jakt, fiske og sanking.

Heimfjell støttar forslaget til fellesuttalen frå kommunane Eidfjord og Ullensvang samt fjellstyra i dei same kommunane, men ynskjer å kome med eit tillegg:

- Grunneigarane på Hardangervidda har i generasjonar forvalta eigedomane sine med omsyn til naturen. Bruken deira til jakt, fiske og beite er liten og skjer på ein ansvarleg måte. Tiltaksplanen må skilje tydeleg mellom grunneigarar og tilrettelegging for friluftsliv.

Grunneigarane har behov for å halde fram med tradisjonell bruk av eigedomane sine, inkludert transport av dyr og utstyr. Motorisert ferdsel er allereie sterkt regulert og vert nytta berre når det er nødvendig. Ytterlegare innskrenkingar vil gjere det vanskeleg å drifte gardane og ta vare på ressursane.

Grunneigarane er positive til å ta omsyn til villreinen, men dei må få behalde retten til å bruke eigedomane sine på ein måte som gjer det mogleg å drive berekraftig.

Med helsing

Heimfjell grunneigarlag HA17